



Bilde frå TV-sendinga frå idrettsgallaen.

Mange av våre lesarar sit nok akkurat no og følgjer sendinga frå idrettsgallaen på Hamar. Sendinga går direkte frå Hamar OL-amfi på NRK1 mellom kl.20 og 23 i kveld. Det er Tore Sergei Myklebust og Mattias Carlson i Starworks som har ansvar for sceneregien i dette direkte sende storshowet.



[Klare for å dela ut pris til beste funksjonshemma idrettsutøvar i kvinneklassen.](#)

Det vert fleire musikalske innslag og eminente gjester både på scenen og i salen. Dei rutinererte programleiarane Ida Nysæter Rasch og Erik Solbakken har fått ansvaret med å losa publikum og TV-sjåarane trygt gjennom årets show.

Sceneregien er også i trygge hender i og med at Tore S. Myklebust og Mattias Carlson sitt firma Starworks har ansvar for den. Dei har hatt mange store oppsetjingar for NRK, seinast programmet **Kvelden før kvelden** på veslejuftan.

Starworks har hatt oppdrag for NRK m.a. i samband med Eurovision Song Contest, Melodi Grand Prix Junior, Virtuos 2016 og Norske talenter 2015. Tore har også medverka som songar i fleire kjende program både på NRK og TV2, mellom anna Beat for beat og Skal vi danse.

De finn meir om Starworks og oppdraga deira på [heimesida deira](#).

Tekst, foto frå TV og nett: Thor Inge Døssland.